

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 11.12.2023

SAKSHANDSAMAR: Arve Varden og Trine Hunskår Vingsnes

SAKA GJELD: **Tenestetilbodet i Florø**

ARKIVSAK: 2023/7176

STYRET:

Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:

19.12.2023

STYRESAK:

085/2023

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret ber administrerande direktør arbeide vidare med å vurdere ei nedskalering av tenestetilbodet i Florø og avklare arealmessige forhold.
2. Saka skal leggast fram for styret for vedtak i januar 2024.
3. Det skal leggast vekt på god dialog med interne og eksterne partar i den vidare saksutgreiinga.

Oppsummering

Medisinsk klinikk har gjennomgått tenestetilbodet i Florø og vurderer det som mogeleg og tenleg å flytte ein del av tenestene til Førde. Storleiken på den økonomiske innsparinga vil vere avhengig av arealmessige forhold og framtidig husleige. Det skal arbeidast vidare med dette fram til styremøtet i januar.

Fakta

Grunna den økonomiske situasjonen som er omtalt i styresak «Løypemelding tiltak» har direktør for medisinsk klinikk sett i gang ein prosess for å vurdere tenestetilbodet i Florø.

Helse Førde har desse helsetenestene der:

Poliklinikk/avdeling	Tilsette/tilbod
Hud poliklinikk	Sjukepleiar deltid. Lysbehandling. Telemedisinske konsultasjonar.
Medisinsk poliklinikk	Sjukepleiar deltid. Infusjonspoliklinikk, medisin + barn.
Medisinske sekretærtenerster	Sekretærtenester for Florø og NSH hudpoliklinikk.
Smertepoliklinikk, Samhandling og tverrprofessionelle tenester	Delar av stillingane til psykologspesialist, lege (p.t. innleigd vikar), fysioterapeut, sosionom, familieterapeut/erfaringskonsulent. Nytilviste + oppfølging (fysisk og via video).
Læring og meistring (LMS), Samhandling og tverrprofessionelle tenester	Fysioterapeut og lungesjukepleiar, begge deltid. LMS-kurs: KOLS-/lungerehabilitering, livsmeistring, Acceptance and commitment therapy (ACT). Oppfølging av oksygenbrukarar.
Fysioterapi, Samhandling og tverrprofessionelle tenester	Fysioterapeut deltid.
Radiologi	Radiograf, samla 1 årsverk. Tilbod om konvensjonell røntgen. Tolking ved lege i Førde.
Blodbank	<i>Ikkje til vurdering</i>
Ambulansestasjon	<i>Ikkje til vurdering</i>
Psykiatrisk klinikk	<i>Ikkje til vurdering</i>

Det er ulike årsaker til at dei tre siste funksjonane ikkje er til vurdering. 40 prosent av blodet som Førde sentralsjukehus har i beredskap, blir tappa i Florø. Det er ikkje mogeleg å flytte aktiviteten til Førde utan å tilføre meir ressursar, og grunna reisetida er det tvilsamt om blodgivarane vil følgje med. Ambulansestrukturen er avgjort i prehospital plan og der har stasjonen i Florø ein viktig funksjon på fleire måtar. Tilboden i psykiatrisk klinikks vurdert som uaktuelt å flytte.

I hovudsak er det fire perspektiv som er vektlagt:

- Tilboden til pasientane
- Tilsetteperspektivet, inkludert rekruttering
- Økonomiske konsekvensar
- Samhandling med legekontor og kommunale tenester

Hud poliklinikk

Hovudaktiviteten er knytt til lysbehandling. Dei siste åra har om lag 50 pasientar fått om lag 1000 lysbehandlingar kvart år. Tal fysiske konsultasjonar har variert mellom vel 200 i fjar og rundt 500 dei tre føregåande åra. Fysiske konsultasjonar gjeld sårbehandling, eksemamtalar m.v. hjå sjukepleiarar. Tidlegare ambulerte hudlege til Florø for kveldspoliklinikk, men dette har ikkje vore prioritert i år. Derimot vert det i 2023 gjennomført cirka 200 digitale konsultasjonar med hudlege andre stadar i Helse Førde.

Det er tilsett sjukepleiarar i 60 prosent stilling ved poliklinikken, som gir ein årskostnad på under ein halv million kroner. Inntektene frå aktiviteten er i år stipulert til knappe 700.000 kroner. Inntektene frå dei digitale konsultasjonane vert ført der legen oppheld seg.

Nedlegging av tilboden vil ikkje vere uforsvarleg, men vil ha negative konsekvensar for pasientane. Lyspasientar er ofte barn/ungdomar, men også andre med kroniske hudlidningar, blant anna skrøpelege eldre.

Hudavdelinga sitt anslag er at om lag halvparten av pasientane ikkje vil kunne nytte seg av eit tilbod om lysbehandling i Førde. Det tek tid å reise til og frå lysbehandling, og t.d. skuleborn/-ungdom vil då misse skuletid to til tre gongar per veke i behandlingsperiodane. Alternativet for nokre vil vere auka medikamentell behandling.

Pasientar i Florø-regionen vil uendra ha moglegheit for intensiv lysbehandling ved Haukeland Universitetssjukehus. Dette er som elles i Helse Førde.

Poliklinikken i Førde vil måtte auka bemanninga noko for å handtere tilstrøyminga av ekstra lyspasientar. Kapasitet m.o.t. telemedisinske konsultasjonar vil også gå ned om ikkje tilsvarande sjukepleiarressurs tek seg av konsultasjonane i Førde.

Det vil seinare vere mogeleg å spare noko på utstyr. Særleg vil dette gjere seg gjeldande på det tidspunktet ein må reinvestere i nytt lyskabinett. For 2024 er det berre innsparing på areal som er eit argument for å legge ned tilboden.

Nasjonalt ser ein ein fallande trend i tilvisingar og behov for lysbehandling. Truleg skuldast dette at andre behandlingsalternativ er blitt meir effektive, og at fokus på langtidsskadar av lysbehandling har fått auka merksemd. Denne trenden ser vi også i Helse Førde.

Tilråding: Oppretthalde hudpoliklinikken si verksemd i Florø. Evaluere behovet for hudtilbodet kvart andre år framover.

Medisinsk poliklinikk

Ved medisinsk poliklinikk vert det i hovudsak gitt infusjonsbehandling. Det har til og med november 2023 vore om lag 400 konsultasjonar der over 200 har vore infusjonar til barn. Bemanninga er sjukepleiar i 20 prosent stilling, som kostar knappe 200 000 kroner.

Avansert heimesjukehus for barn og unge vil ta over tenestetilbodet til borna frå 2024, og desse vil dermed framleis få behandlinga si lokalt.

For vaksne pasientar kan infusjonar med zoledronsyre bli gitt av primærhelsetenesta, slik det vert gjort i fleire andre kommunar. Fråkopling av Baxterpumpter m.v. for kreftpasientar kan også overtakast av heimesjukepleie/ressurssjukepleiar i kreftnettverket, slik dette vert gjort elles. Pasientar som får depotinjeksjonar for psykisk sjukdom, kan få dette i DPS-poliklinikken eller hjå primærhelsetenesta.

Eit resterande lågt tal pasientar vil ikkje kunne få tilbodet lokalt. Desse vil få tilbod om infusjonsbehandling i Førde. Hyppigheit av reiser for pasientane vil oftast vere kvar 3.-4. veke, og for nokre behandlingar kvar 3. månad.

Overføring av behandlingane til Førde vil ikkje innebere behov for å auke bemanninga.

Tilråding: Tilboden vert tilrådd nedlagt.

Smertepoliklinikk

Smertepoliklinikken i Florø har pasientar frå heile fylket og dei tilsette pendlar i stor grad frå Sunnfjord til jobb. Kostnaden for leasing av bil ligg på under 100.000 kroner i året.

Ei endring vil bety at tilboden vert flytta til Førde. Dei tilsette vil då kunne bruke meir tid på pasientretta arbeid, og mindre tid i bil. Personalressursane vil såleis kunne nyttast til fleire konsultasjonar. Ein kan også oppnå betre bruk av ressursane saman med fysikalskmedisinsk poliklinikk, der dei tilsette har resten av stillingane sine.

Med smertepoliklinikk lokalisiert i Førde, vil ein få moglegheit for å knyte lokal anestesilege til smerteteamet. Med lokalisering i Florø er drift av poliklinikken avhengig av innleige av overlegevikar. Berekna kostnad i 2023 er om lag 500.000 kroner.

For mange av pasientane vil flytting til Førde bety kortare reiseveg. Lokalisering i Førde vil vidare innebere at smerteteamet kan bistå andre avdelingar med interne tilsyn til inneliggande og polikliniske pasientar.

Aktuelle lokale ved FSS må truleg tilpassast noko. Det er avgrensa arealkapasitet i Førde og dette vil gje ein meir krevjande logistikk. Pasientane vil framleis få høve til kvilepausar i Nye Førde sjukehus si kvilesone.

Innsparringspotensiale er knytt til å kunne avslutte vikarinnleige for overlege, leasing av bil og arealleige. Vidare vil ein kunne auke aktivitet og inntekter noko.

Det var faglege og driftsmessige grunnar som låg til grunn for at smertepoliklinikken sjølv løfta sak om flytting av poliklinikken tidlegare i 2023, og då var hovudargumenta og kunne utvikle samarbeid med andre fagmiljø, få moglegheit til å tilby interne tilsyn til inneliggande og polikliniske pasientar i sjukehuset samt å få kontinuitet på overlegesida.

Tilråding: Flytte smertepoliklinikken til FSS.

Læring og meistring (LMS)

Det vert arrangert kurs, fagsamlingar og livsstyrketrening i Florø. Tal kurs og deltagande pasientar er lågt, men fleire kurs er omfattande og går over mange veker. Om lag halvparten av kursa føregår digitalt. Lungesjukepleiar med base i Florø har mellom 20 og 30 konsultasjonar/heimebesøk per år knytt til oppfølging av heimeoksygenbrukarar.

I alt er det 1,1 årsverk som er knytt til LMS-drifta, med ein kostnad på om lag 800 000 kroner inkludert sosiale kostnader. Begge tilsette har særskilt kompetanse.

Det er mogeleg å flytte LMS-tilboda til Førde. Innsparing vil vere knytt til spart husleige. Personalressurs til å følgje opp heimeoksygen-brukarar, drive lungerehabilitering og ACT/livsstyrketrening vil bli kontinuert, så det vil ikkje vere mogleg å gjennomføre nedtak for heile personalressursen. Det står att å berekne i kva grad ein vil kunne ta ned personalressursane knytt til LMS ved samanslåing.

Oppfølging av heimeoksygen-brukarar kan med fordel knytast tettare til lungeseksjonen i medisinsk avdeling ved FSS, eventuelt ved at denne stillingsdelen vert flytta til medisinsk poliklinikk.

Ein kan få knappheit på areal (kurssalar) i Førde, og kurskalendaren vil måtte justerast. Utviklinga mot stadig fleire digitale lærings- og meistringskurs frigjer samstundes dagar i kurssalen, så vi vurderer dette som mogleg.

Lungerehabiliteringstilboda er under vurdering i Helse Førde. Lungeseksjonen i medisinsk avdeling arbeider no med å utvikle lokale tilbod i samarbeid med primærhelsetenesta. Per i dag har Helse Førde tilbod om lungerehabilitinskurs i Nordfjord og i Florø, men manglande påmelding fører til nokre avlysingar. Målsettinga til lungeseksjonen er å få opp eit lokalt

lungerehabiliteringskurs også i indre Sogn. I dag får pasientane i denne regionen berre deltatt digitalt.

Tilråding: Flytte LMS-tilboda til Førde.

Radiologi

Det vert utført om lag 1800 radiologiske undersøkingar i Florø i 2023. Dei aller fleste pasientane er frå Kinn kommune, men også nokre frå Naustdal og Svelgen/Bremanger. Tal undersøkingar har vore relativt stabilt dei siste åra. Om lag 25 prosent av undersøkingane er øyeblikkeleg hjelp.

Til saman er det brukt eitt radiograf-årsverk til å drifta tenesta, og dagane er fordelt på 4 tilsette. Dei tilsette bur i Florø og pendlar øvrige dagar til Førde.

Tal undersøkingar per dag ligg lågt. Det er difor kapasitet til å gjennomføre undersøkingane i Førde utan at radiologisk avdeling må auke bemanninga her. Avvikling av tilbodet vil medføre meir reising og tidsbruk for dei pasientane som bur i Florø, og fastleggar i Florø vil misse eit lettvint og populært tilbod på dagtid.

Personalkostnadene er om lag 800.000 kroner i året, og i tillegg er knapt 200 000 brukt på serviceavtalar på utstyret. Arealbruk og leigekostnadene vil gå ned. Det viktigaste punktet økonomisk er likevel dei framtidige investeringane. På eit tidspunkt vil det vere nødvendig å erstatte utstyret, og det betyr ei investering på 6-7 millionar kroner.

Tilråding: Radiologitilboden vert tilrådd nedlagt.

Fysioterapi

Helse Førde har ei fysioterapeutstilling som etter behov vert nytta til lymfødembehandlingar. Det har vore om lag 90 behandlingar så langt i år. Avdelinga fakturerer Kinn kommune for tenesta, men dette dekker ikkje Helse Førde sine lønsutgifter eller husleige. Ordninga var meint å vere ei overgangsordning. Kommunane dekker dette tilboden sjølv elles i nedslagsfeltet vårt.

Tilråding: Avvikling av fysioterapeut-tilboden med nedtak av deltidsstillinga.

Medisinske sekretærtenester

Det er to sekretærar tilsett i Florø. Løn inkludert sosiale kostnader utgjer om lag 1,2 millionar kroner. Sekretærane servar i størst grad hudpoliklinikken i Florø, men også hudpoliklinikken i Nordfjord, radiologisk og smertepoliklinikken.

Dersom tilrådinga om nedtak av tenester i Florø vert vedteken, vurderer ein det som realistisk å kunne redusere sekretärtenesta i Florø med 1 årsverk.

Leigd areal i Florø

Føretaket leiger i to etasjar, utanom lokala til ambulansestasjonen. I andre etasje har Medisinsk klinikk cirka 670 kvadratmeter til sine aktivitetar. I tredje etasje har psykisk helsevern poliklinikkar for barn, vaksne og tverrfagleg spesialisert rusbehandling og dei disponerer om lag 610 kvadratmeter.

I alt betalar Helse Førde om lag 5,3 millionar kroner i husleige, reinhald og straum. Arealet som medisin og psykisk helsevern nyttar, kostar om lag fire millionar kroner årleg.

Leigeavtalen går ut sommaren 2024. Helse Førde har varsla byggeigar om at foretaket ønskjer å reforhandle avtalen.

Ved ei endring av tenestetilbodet i Florø så må det utgreiaast kor mykje areal psykisk helsevern og resterande aktivitetar i Medisinsk klinikk kan klare seg med. Det bør difor snarast settast i gang eit arbeid for å avklare dei arealmessige forholda, inkludert dialog med huseigar om kontraktsmessige forhold.

Pasientreiser

Kinn og Sunnfjord kommunar er i same takstsone (minstetakst for pasientreiser). Den førebelse vurderinga er at det difor truleg ikkje vil kome til vesentlege ekstra utgifter til pasientreiser. Pasientreisekostnad vil auke for pasientar busett i Bremanger, men ein vil på den andre sida spare på pasientar som ikkje reiser ut til Florø.

Økonomi

Medisinsk klinikk i Helse Førde brukar årleg vel 7,5 millionar kroner på lønsmidlar i Florø. Om lag fem millionar kroner av dette er knytt til tilbod som må vidareførast anten i Florø eller i Førde, og der det ikkje blir råd å redusere tal tilsette.

Husleigekostnadene er stipulert til 4,0 millionar kroner for areala som dei to klinikkane disponerer. Det er ikkje mogeleg å fastslå nøyaktig kva som kan sparast inn der, utan å gå i dialog med dei som disponerer areala og huseigar.

Med dei svært stramme investeringsrammene som Helse Førde får i åra framover, så er reduksjon av framtidig investeringsbehov eit viktig økonomisk element. Når radiologisk avdeling i Førde kan ta hand om undersøkingane, så er det vanskeleg å sjå føre seg at ei investering på sju til åtte millionar kroner i radiologisk utstyr i Florø blir prioritert.

Samhandling med primærhelsetenesta og Kinn kommune

Undervegs i utgreiingsprosessen har det vore fleire møte med kommunaleiinga, kommuneoverlege, samhandlingslege, fastlegar og huseigarar ved Sunnfjord medisinske senter (SMS).

Primærhelsetenesta formidlar at det er svært viktig at ikkje medisinsk klinikk legg ned sine tilbod til kronikarar i Florø. Særskilt lysbehandlinga, men også det radiologiske tilbodet og samhandlinga kring infusjonsbehandling vert vektlagt.

Begge partar er opptekne av at Helse Førde må ta særskilt omsyn til barn og unge samt skrøpelege eldre.

Ein har vidare drøfta mogelegheiter for nye samhandlingsmodellar mellom primærhelsetenesta og Helse Førde knytt til Sunnfjord medisinske senter (SMS). Tanken om ein samhandlingspoliklinikk er løfta fram, til dømes med moglegheit for felles digitale konsultasjonar til ulike spesialistpoliklinikkar i Førde. Ein viser her til vedlegga.

Tilråding: Oppretthalde tilstrekkeleg arealmessig fleksibilitet til at Sunnfjord medisinske senter og Helse Førde saman kan utvikle eit fellesområde/felles poliklinikk for digitale konsultasjonar til spesialistpoliklinikkar i Førde. Helse Førde har tidvis også tilsette som bur i Florø og som over noko tid treng tilpassingar i arbeidskvardagen. I slike tilfelle har ein også tidlegare lagt til rette for til dømes poliklinikk i Florø nokre dagar i veka.

Kommentarar

Helse Førde gir eit godt tilbod til innbyggjarane i Florø i deira nærområde. Tilbodet er ei vidareføring, men for nokre fagfelt også ei utviding, av det som vart gjeve ved nærsjukehuset i byen. Med den økonomiske situasjonen som Helse Førde no er inne i, så må heile tenestetilbodet vurderast. Tilbod vil vere mest utsett for endringar der dette får minst faglege konsekvensar.

Gjennomgangen som avdelingane og seksjonane har gjort, viser at det vil vere fagleg forsvarleg å flytte medisinsk klinikk sine tenester i Florø til Førde. Samstundes vil det vere ei klar ulempe for dei som har nytt seg av tilbodet. Det inneber meir tid til reising, og at dei i større grad må ta fri frå skule og arbeid.

Administrerande direktør meiner det må arbeidast vidare med å kartlegge konsekvensar for arealet før endeleg avgjerd vert fatta i denne saka. Leigekostnaden er så stor at arealløysinga vil ha betydning for sluttresultatet.

Sjølv om det er forsvarleg å flytte tenestene, så må også nytten av å flytte kvart enkelt tilbod vurderast. Like eins ulempa for innbyggjarane.

Konklusjon

Arbeidet med å vurdere tenestetilbodet til Medisinsk klinikk i Florø syner at det er forsvarleg og tenleg å flytte nokre av tenestene til Førde, sjølv om det vil vere ei ulempa for ein del av pasientane. Det må arbeidast meir med dei arealmessige forholda før endeleg vedtak blir fatta.